

Utlysing:

Skjåk kommune søker 4 personar med fagbrev eller svennebrev som vil bli mester før neste sommar

Søknadsfrist: 20. februar 2022.

I samarbeid med Mesterbrevnemnda og Folkeuniversitetet kan vi tilby mesterutdanning på berre 15 månader tilpassa estetiske fag, matfag, grafiske fag, møbel- og trefag, verkstadfag og bilfag.

Mesterutdanning er ei leiarutdanning for deg med fagbrev eller svennebrev. Under har vi sett opp ei oversikt over dei fagområda du skal innom – kompetanse som er viktig for å drive ei verksemd. Du kan også lese meir om utdanninga på:

[https://kampanje.folkeuniversitetet.no/bli\\_mester\\_du\\_også/](https://kampanje.folkeuniversitetet.no/bli_mester_du_også/)

Skjåk kommune er opptatt av at deltakarane i Mesterbrevpiloten for Skjåk skal få ei solid vidareutdanning innafor fagfeltet som dei har fagbrev i, samt å utvide sosialt og fagleg nettverk.

Skjåk kommune er opptatt av å leggje til rette for satsing på kunnskap og kompetanse.

Det er en sterk oppfatning at det er lov å lykkast i Skjåk og prosjektet skal vere med på å forsterke at Skjåk er ei gründerbygd, der vi ønskjer fleire nyetableringar velkommen.

Skjåk kommune ønskjer å vere innovative og er villige til å teste ut nye prosjekt og løysingar.

Vi satsar på kompetanse for å ta vare på god arbeidskraft. Prosjektet er ein test opp mot det å leggje til rette for å gje ungdommen moglegheit til å ta rett utdanning som kan føre til arbeid i Skjåk.

**Praktisk info:**

Skjåk kommune dekkjer studieavgifta. Du dekkjer kostnad for reise og opphald på samlingar. Føresetnaden er at du fullfører utdanninga og at du brukar kunnskapen du får, i Skjåk i minimum to år etter at utdanninga er ferdig.

Studiet er ein kombinasjon av nettstudiar, webinar, helgesamlinger og individuell oppfølging. Studiestart er 12. mars – innlevering mesteroppgave 31. mai 2023

Send en kort søknad til [post@skjaak.kommune.no](mailto:post@skjaak.kommune.no) innan 20. februar 2022.

Med atterhald om at prosjektet blir vedteke i Formannskapet den 15. februar.